

# Gatemobben og den finkleddede «tølperen»

## Kor straumlinja må ein vere i den norske ålmenta for ikkje å verta lyst fredlaus?



KAJ SKAGEN  
kajskagen@cloud.com

Kvelden før vesle julaftan trykte Aftenposten ein artikkel av Asle Toje som innleidde ein av dei krassaste kulturdebattane på lenge.

Artikkelen handla om kva for utfordringar Noreg står andsynes som nasjon. Forvitrar grunnlaget for den norske nasjonen? Eller som tittelen var: «Vil Norge overleve det som kommer?» Dersom svaret er nei, kva er årsakene til det, og korleis kan ein bøta på det?

Men debatten som fylgde, handla mindre om dei spørsmåla Toje reiste, enn om korleis han formulerer seg og kor langt til høgre motstandarane hans vil ha han. Særleg på sosiale medium vart han flytta så langt frå sentrum at både han og synspunkta hans forsvann i djupaste mørkeret. I dette mørkeret sokk òg dei interessante innlegga til mellom andre Sylo Taraku og Torbjørn Røe Isaksen.

### UPRESIST

I ordskitte i fleire medium hevda Toje at omtalen hans om nasjonalt fellesskap i artikkelen, ikkje hadde «vært ment som en sosial sorteringsmekanisme eller en moralsk rangering av mennesker», at han «tar til orde for en norskhet som rommer alle norske borgere», og at «nasjonale fellesskap er historiske og sosiale konstruksjoner som bæres av språk, institusjoner, normer og felles referanser» (Aftenposten 13. januar 2026), og altså ikkje etnisk baserte fellesskapar. Han distanserer seg frå «ytte høyre-bevegelsar» og avviser alle idear om «repatriering» av innvandrare (Minerva 7. januar).

Men det var for seint. Ulveflokkene hadde alt lukta blodet. Dette kunne ha vore unngått om presiseringane som kom i ettertid, hadde vore lagde inn alt i artikkelen som losna skredet, og artikkel fyrst i tilsvaret «Selvgratulerende skive-

bom» (Aftenposten 30. desember 2025) der han skriv: «Jeg har ikke hevdet at innvandrere flest mangler lojalitet [...] eller at norskhet er en blodlinje.»

### NASJONEN

Ein nasjon, seier Toje i den første artikkelen, er ikkje berre eit geografisk avgrensa område der det bur ei viss mengd menneske som er juridisk knytte saman med felles statsborgarskap. Nasjonen eksisterer fyrst og fremst som noko åndeleg eller mentalt, meiner han, «en levende organisme, formet av minner, språk, vaner og temperament». Men han skriv òg at nasjonen er «et løfte som går fra slekt til slekt», noko som går gjennom slektene som ei vidareføring av arv. Ein stad heiter det: «[...] enhetskulturen har snart gått tapt. Over 20 prosent av befolkningen har nå innvandrerbakgrunn. Svært mange er ikke norske i kulturell forstand.»

Det er utsegnar som gjer det nærliggjande å tru at det er særleg innvandrainga som skal ha øydelagd den norske einskapskulturen. Men det Toje seier, kunne òg tolkast slik: I ei folkevandringstid treng vi sterk integrering, slik at innvandrarene

tet som rommer både de som har mange generasjoner på kirkegårdene her til lands, og de som har få» (Aftenposten 13. januar).

Men slik eg les den første artikkelen til Toje, meiner han at integrering i norske kultur- og verditradisjonar ikkje er megeleg så lenge vi har ein kulturell og politisk elite som ikkje legg vekt på det nasjonale.

Leiarskapen i landet må ikkje berre sjølv tru på den norske kulturen, men aktivt fremja han. Staten bør slutta med «veksthusdyrkingen av selvpotatte minoriteter», «stille målbarare krav til integrering og oppførsel, belønne patriotisme i kultur og utdanning», skriv han. Nye generasjonar må oppsedast til å setja plikta føre nyttinga, kollektivet over individet, og det heile vert samla i ein kraftsats: «Kjærlighet til fedrelandet er derfor ikke sentimentalitet, men en plikt.»

### INNVEDINGANE

Men vil Toje verkeleg byta ut den venstrehumanistiske oppsedarstaten med ein konservativ oppdragarstat? Skulle vi ikkje oppsedast til fridom? At vi lever i ei langvarig sivilisasjonskrise som har søkt si løysing i den eine katastrofen etter



Nestleiar i Nobelkomiteen Asle Toje. Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB

vidt heldt seg i live til opp i 1950-åra og anda ut for alltid i 1970-åra? Korleis skulle dette kunne gå i ei tid då berre ein av fem kallar seg personleg kristen, der andre religiønar er på frammarsj, og der over halve folkesetnaden er sekulære humanistar? Folkevandrainga, økonomien og teknologien har endra samfunnet og menneska til det nær ukjennelege på dei siste femti åra, og står vi ikkje hjelpelause overfor desse objektive kreftene?

### TONELEIET

Slike innvendingar inneber ikkje at Asle Toje reiser fiktive problem. Mahmoud Farahmand skriv at spørsmåla Toje stiller, «berører noe fundamentalt»: Vil Noreg som nasjon tola påkjenningane i ei brytingstid der mykje av det som bygde landet, er i endring? Foresetnaden for å makta dette, seier Farahmand, er at «vi har mot til å si at norsk språk, norske verdier og norsk historie skal vere rammene for vårt fellesskap» (Minerva 2. januar 2026).

Men alt same dag som Toje skreiv den fyrste artikkelen, kom eit svar i nettutgåva til Aftenposten av den svenske journalisten og

forfattaren Mustafa Can, omsett frå svensk av avisredaksjonen ved hjelp av ChatGPT. Det høge tempoet tilsvarte temperaturen i innlegget, som sette mykje av tonen i den fylgjande debatten.

Can synte i svaret sitt ikkje noko teikn til interesse for dei problema Toje reiste. I staden greip han fatt i Tojes definisjon av nasjonen som «en levende organisme», og gav dette straks ei omdreining til «nasjonen som mystisk kropp» og derfrå vidare til noko mest lekamleg, «en blodprøve man må være født til».

Denne tøyinga av meining skjedd òg med eit sitat i Tojes artikkel frå den svenske statsvitareren Rudolf Kjellén, som har sagt at staten er «nasjonens speil» – noko som i brytingstid der mykje er utlagt som at nasjonen smuldrar opp når statsmakta misser bandet til folket. Men no vert Toje gjort ansvarleg for heile Kjelléns forfatterskap.

Dette vart straks plukka opp av Jonas Bals i eit innlegg på Facebook 22. desember 2025 der det heitte: «Nobelkomiteens nestleder ringer julen inn med å gå full vøilish med nasjonalismen sin. Staten er organisk og alle har å

seg om. Svendsen leverer då ein analyse, ikkje av artikkelen til Toje, men av personen Asle Toje. Som kjent har Toje ein konservativ og danna stil, både i talemåte og klesdrakt.

Men Svendsen har høyrte på ein podkast med Toje der han uttalar seg alt anna enn danna om ein motdebattant. Det syner seg då at Toje slett ikkje er danna. Danninga hans er berre fasade. Under dei fine kleda spelar han på «pøbelens register». Og Svendsen legg til: «Som om dette er den egentlige tonen, som endelig slipper fri», når «tølperen i podkasten» snakkar utan filter. Svendsen trekkjer ikkje konsekvensane av dette karakterdrapet for det politiske synet til Toje, det overlet han til lesaren.

Det var særleg måten Asle Toje omtala Hilde Sandvik på («Jeg tåler henne ikke.») Svendsen tenkte på då kan kalla Toje for ein pøbel. Det er sant at Toje her var meir hovisk i klesdrakta enn i ordvalet, men Svendsen tek pøbelnsnakket ut av kontekst. Eg skjønar at Svendsen vil forsvara Sandvik mot Tojes omtale av henne i podkasten med Ole Asbjørn Ness, men det høyrer med til saka at Toje – frå sin synsstad – nyttar åtak som forsvar. For Sandvik hadde teke del i Toje-debatten med artikkelen «Ti spørsmål til Asle Toje» – nesten alle om krigen i Ukraina (Aftenposten 29. desember). Spørsmåla er polemisk forma, på det viset at dei insinuerer at Toje har sosialt illegitime synspunkt på krigen, og at han løyner dette. Dimed får spørsmålsstillinga eit preg av kjettaravhøyr.

### GATEJUSTISEN

Det er kan henda ikkje til å unngå at kulturdebattar om kjenslevare spørsmål skiear ut. Høviske dialogar får ein berre om mindre viktige saker, eller mellom folk som er grunnleggjande samde.

I spørsmål om nasjon og innvandring står verdsbileta, kjenslene og gruppene så krast mot kvarandre at «debatten» blir livskamp. Det handlar då ikkje om fakta, men om lideskapane og eigeninteressene. Det fører til at helst dei mest aggressive og minst interessante vadar ut i det risikable ordskitet. Då vert den offentlege samtalen ein stad der avvikaren risikerer livet, og ordskitet forfell til einetale. Kor straumlineforma må ein vere i den norske ålmenta for ikkje å verta lyst fredlaus?

Det er talande for kultursituasjonen at ein velmeinande, meir litterær enn vitskapleg tekst om nasjonalt samhald og einskapskultur omgåande utloyste ei utskieving der mykje av debatten vart fortrent og personåtak. For fleire galdt det berre å få riva den skreddarsyddede tredelte dressen av «tølperen» med den danna fernissen.

På fint heiter dette «mistanke hermeneutikk». Elles blir det kalla gatejustis.

Kaj Skagen er forfatter og fast skribent i Dag og Tid.

## Forteljingar om frykt

Russisk kvardagsliv i skuggen av krigen

## Russisk chatrulett

Kunnskap og visdom kan ligge langt frå kvarandre.

### RUSSLAND

ALEKSANDR SABUROV  
redaksjonen@dagogtid.no

Då den lange russiske nyttårsferien nærma seg slutten, besøkte eg ein eldre slektning. Han bur i ein einestad i utkanten av byen. Helsa hans er dårleg, så han går sjeldan ut, alle nyhende får han frå internett, og dei fleste han møter, møter han på Chat Roulette, ein app der folk som ikkje kjenner kvarandre frå før, blir kopla saman i videosamtalar.

Eg er svært glad i denne slektningen og liker å treffe han. Mange russarar som har eit kritisk forhold til krigen, synest det er vanskeleg å forhalde seg til eldre familiemedlemmer. Eg har ikkje brukt ein heil spalte på det, men har nemnt at mange eg kjenner, har det slik. Sjølv familiar der alle hadde eit godt forhold til kvarandre, har blitt oppløyste på grunn av krigen. Folk som tidlegare stod kvarandre nær, kallar kvarandre fascistar eller forrædarar og bryt kontakten. I media er det mange saker med råd om korleis ein kan snakke med eldre familiemedlemmer utan å skape øydeleggjande konflikt.

Slik er det ikkje i mitt tilfelle, men det er heller ikkje lett, for slektningen min ikkje er på Chat Roulette utan grunn. Han oppsoker ukrainarar og liberale som han prøver å «opplyse». Han er overtydd om at hjernen deira er forderva av vestleg propaganda, og at viss han får forklart dei korleis ting «verkeleg» heng saman, så vil dei straks bli prussiske.

Det går ikkje særleg bra, men han får i det minste skjerpa evna til å debattere.

**VI HAR EIT UTTRYKK:** *sofakrigar*. Det blir stort sett brukt nedsettande, om folk som meiner dei veit betre enn andre korleis soldatar bør oppføre seg på slagmarka, sjølv om dei aldri har sett ei slag-

mark. Slektingen min er ein sofakrigar i meir bokstaveleg forstand: Han ser på seg sjølv som ein slags soldat i informasjonskrigen. Basen hans er stova i utkanten av byen, og våpenet er ein berbar PC med internett. Slagmarka? Chat Roulette.

Det verste er at han er ein framifrå soldat. Han ville lett slått meg i ein duell. Eg er ikkje spesi-

### Folk som tidlegare

stod kvarandre nær,

kallar kvarandre fascistar eller forrædarar og

bryt kontakten.

Nokre ser kanskje ned på meg, som vel denne framgangsmåten. Du veit kva eg meiner: Eg burde gjort alt som stod i mi makt for å endre hans syn på krigen? Kanskje det. Men han er den siste slektningen eg har på den sida av familien, og eg har tatt eit val: For meg er det viktigare å ha eit godt forhold til han. Han er gammal. Tenk om han plutsleg døyr. Eg er ung, men det kan hende eg plutsleg døyr. Alle kan døy plutsleg. Sånn er livet. Ein dag møtest vi for siste gong, og eg vil ikkje at vi skal skiljast som fiendar.


Dessutan møtest vi sjeldnare enn eg skulle ønske. Eg hadde tenkt å besøke han i helga, men han blei innesnødd, og broytbeilen kom aldri. Så då kom eg meg ikkje dit.

Vi var begge skuffa, men eg er sikker på at han ikkje kjeda seg. Han har jo Chat Roulette.

Omsett frå engelsk av Marita Liabø

Aleksandr Saburov er eit pseudonym.

Dag og Tid kjenner identiteten hans.



Teikning: May Linn Clement